

Referat frå frukostmøte for næringslivet 19.april 2023

Nordal hotell kl 07.30-10.00

NAV introduserer "Superrask søknad", for å lette rekruttering v/ Arne C. Mæhlum

- Å söke på ein stilling kan for nokon vere eit hinder. Med "superrask søknad" skal ein lette prosessen for både arbeidsgjevar og søkerar.
- Arbeidsgjevar: På arbeidsplassen.no: Lage stillingsannonse --> vel superrask søknad --> Krysse av på krav/kvalifikasjonar som det er etterspurta av søkerar har.
- Arbeidssökar: Kryssar av for dei kvalifikasjonane ein innehavar og skriv ein kort tekst om seg sjølv
- Arbeidssökarar får automatisk svar på e-post; både dei aktuelle og ikkje-aktuelle
- NAV har fått attendemelding om at det kjem inn fleire sökarar gjennom denne ordninga, og at det senker terskelen for å sende söknad.

Landskappleiken i Lom – kva bør næringslivet ha kjennskap til v/ Grete Sjurgard

- 21. - 25. juni 2023
- Anslår 1200 deltakarar
- Ikkje meir ledig overnatting på Bergom, framleis behov for privat overnatting
- Mogleg for turistbedrifter å tilby frukostservering, vil kunne bli behov for det
- Prøve å trekke folk meir mot Bergom, ikkje halde alle rundt Utgard --> vil få fleire ringvirkningar
- Nokre gratisarrangement - Opningskveld 21.juni er gratis, i hallen.
- Konsert i Lomskyrkja torsdagskvelden og messe sundag. Meisterkonsert sundag
- Behov for friviljuge, 300 har meldt seg.
- Skal være to NRK-team til stades (10 pers). Dokumentar om tradisjonsmusikk, og andre innslag.

Nordisk 4H-leir i Lom – kva skjer v/ Turi Elise Kaus i 4H Oppland

- 8.-15.juli 2023 (laurdag-laurdag)
- De aller fleste kjem med buss, blir lite biler
- Mykje positive erfaringar frå å arrangere ting i Lom og Skjåk: Møter mykje JA-folk og velvilje - "det får vi til"
- Tysdag/onsdag vil det vere mest aktivitet på Bergom: Workshop (mange aktivitetar på mellom anna Presthaugen)
- Så langt 300 påmeldte, blir trolig ein del fleire
- Nyttar lokale matleverandørar
- Overnatting: leirområde på Prestgardsjordet (telt)
- Kulturdag: tradisjonshandverk, bakst seterkultur bl.a. Ynskjer at lokale lag/foreiningar tek kontakt viss dei vil bidra her.

NRK-sakte TV v/ Mari Wedum i Visit Jotunheimen

- Sakte-TV: Norge frå sykkelssetet – sendast direkte på NRK
- Veke 29 Innlandet - 19. og 23.juli (onsdag-sundag) Elvesæter-Aulestad
- Onsdag 19.juli: Etappe frå Elvesæter via solsida til Vågå. Avreise frå Elvesæter ca kl 10, og **anslår å vere i Lom rundt kl 12.**
- Gjer opptak i Vågå mellom kl 18-19, som seinare vert vist på TV kl 21.15-22.30 same dag.

- Andre stoppestader kjem dei attende til
- Oppfordring om å ikke lage arrangement for TV si skuld, men heller ha arrangement for lokalbefolkinga denne dagen, som NRK kan vise glimt av.
- Kanskje lage noko ein kan sjå frå ovan (drone)? Andre sprell vi kan finne på?
- NRK er interessert i tips til kven dei kan prate med, interessante personlegheiter som kan egne seg på tv.
- Spille inn forslag til Mari Wedum på Visit Jotunheimen --> ho sender samla inn til NRK

Bustadkonferanse og tilflyttartreff v/ Åshild M. Amundsen og Hege O. Myhre

- Bustadkonferanse torsdag 27.april kl 18-21. Inspirasjon, orientering og diskusjon rundt bustadutviklinga i Lom. Sjå program på kommunen sine nettsider.
- Tilflyttartreff ope for både nye og "gamle" i Lom. Sjå meir info om desse arrangementa på Facebook og på nettsida til kommunen.
 - Vaffeltreff ein gong i månaden, på Fossberg hotell. Fyrste treff var 14.april, og var veldig triveleg! Neste treff er 26.mai og 16.juni kl 11.30.
 - Afterwork torsdag 4.mai kl 16-18 på Bakeriet i Lom. Sosialt treff med workshop og pizza.

Kva kan vi finne på i saman under jubileumsfeiringa i Lom 1. og 3. juni v/ Anita Koot i Scandinavia Tours, på vegne av Sparebank1 Lom og Skjåk

- Dag Otto Lauritzen kjem til Lom 1.juni. Denne dagen vert det frukostmøte i hallen for bankens kundar, kanskje fleire? Ikkje avklara enda
- Seinare same dag: Kompani Lauritzen for vgs-elever i NG – Zipline over Prestfossen og tårnhopp i klatreparken. Konkurranse kl. 11.30-14.
- Konsert med Emma Steinbakken i Presthaugen laurdag 3.juni (Aktivitetar og matservering i Presthaugen gjennom dagen, konsertstart kl. 15.
- Ynskjer at næringslivet i Lom utnyttar moglegheitene - lage liv og røre denne dagen. Servering i Presthaugen, zipline, Lom idrettslag kiosk/vakt?, aktivitetar for barn/familiar. Ta kontakt med Anita viss nokon har innspel og førespurnadar!

Ny utstilling på Fjellsenteret v/Mai Bakken

- Ny utstilling, brearkeologiske funn
- Opning laurdag 10.juni, opningsarrangement kl 16
- Skal ha ein dag anten 14. eller 15. juni for næringslivet i Lom.
- Gratis inngang for å sjå utstillinga og Klimaparken for tilsette i Lom (turistbedrifter etc.) Ta kontakt med Fjellsenteret ved interesse

Referent Hege O. Myhre

Gje beskjed om noko er feil i referatet! Send til hege.olimb.myhre@lom.kommune.no